

Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i lærar-, lektor- og barnehagelærerutdanningane

Juni 2020

I dette nummeret

- s. 1** Per Overrein; Lederen har ordet.
- s. 3** Nettverksnytt
- s. 4-5** Vedtekter og årsmøtevedtak frå 2019
- s. 6** Referat årsmøte 2019
- s. 7** Konferanser

Lederen har ordet

Globalisering, nasjonalstaten og samfunnsfaget

Det har tatt tid før det nye styret i nettverk for samfunnsfagene fikk konstituert seg. I januar 2020 ble Heidi Biseth valgt som leder og undertegnede som nestleder. I mars meldte Heidi fra om at hun måtte trekke seg som leder og styremedlem av helsemessige årsaker. Dette var høyst forståelig, og jeg påtok meg å lede arbeidet midlertidig, og ble på styremøte i april valgt som ny leder. Kari G. Hempel (UiS) ble valgt til nestleder samtidig som Håvard Friis Nilsen (HiOF) gikk inn som fast styremedlem fra region øst. I tillegg har Ingrid Marie Kielland trukket seg etter å ha fått ny stilling ved UiT. Vi har nå fordelt arbeidet blant oss, men også varamedlemmene til styret som har ønsket å bidra har påtatt seg oppgaver. Dette setter vi stor pris på.

Våre viktigste «kanalen» for nettverksbygging for samfunnsfagene vil være forarbeidet og avviklingen av den årlige nettverkskonferansen, nyhetsbrevene, vår [nettside](#) og [Facebookgruppa](#). Av dette er nettverkskonferansen og årsmøtet under konferansen det desidert største faglige og organisatoriske løftet. Som tidligere meldt vil nettverkskonferansen i år bli avholdt ved Universitetet i Agder (UiA) ved campus [Kristiansand 24. -26 november](#).

På grunn av koronaviruset har det vært noe usikkerhet om hvordan konferansen og årsmøtet skal avholdes. Det som er sikkert, er at det blir konferanse i en eller annen form. Kanskje vil konferansen kunne ha opptil 50 deltakere (avhengig av retningslinjer på senhøsten), med mindre sesjoner. Kanskje vil det være åpent for flere deltakere. De lokale konferansearrangørene er i full gang med å planlegge også for digital deltakelse på konferansen og årsmøtet. Erfaringene med å avholde konferanser under de spesielle forhold som nå gjelder vil være betydelige når vi er ute i november. UiA vil oppdatere nettsiden for konferansen for informasjon om den praktiske gjennomføringen.

Temaet for årets konferanse er samfunnsfagdidaktikk i en globalisert verden. Tematikken er blitt høyaktuelt på en måte som var vanskelig å forestille seg for kort tid siden. I «Call for papers» blir det stilt spørsmål om hva som ligger i et søkelys

«... på det globale for samfunnsfaget i barnehager, skoler og lærerutdannings-institusjoner, nasjonalt og internasjonalt? Hvordan tas globale utfordringer og spørsmål opp i et nasjonalstatlig fundert samfunnsfag? Hvordan møtes globale spenninger i samfunnsfaget?»

Fortsettes s. 2

Det er det ikke enkelt å svare på, men krisen vi er inne i gjør spørsmålene svært aktuelle. Koronapandemien har tvunget regjeringer til å stenge ned samfunn, prioritere borgernes behov og brutt med ideer og praksis som over tiår har skapt en ekstrem globalisering. Forpliktelser om en liberal globalisert verdensøkonomi der lojalitet til «effektiviteten» var målestokken, framstår ikke lengere som en vinn- vinn situasjon for land, lokalsamfunn og befolkning. Forpliktelsene og systemet har blant annet gitt astronomisk vekst for globale selskaper, og de sosioøkonomiske ulikhetene har økt vesentlig i størstedelen av verden. Mange har gledet seg over raskere informasjonsflyt og økt rom for geografisk mobilitet for arbeidstakere, men også dette siste har sine klare skyggesider. Koronasituasjonen har åpnet for bredere diskusjoner om globaliseringen også har blitt en trussel mot vår helse, vår økonomi, vårt demokrati og vår nasjonale sikkerhet.

Kritikken av globaliseringen og overnasjonal tvang har blitt møtt med advarsler om at den skaper økt nasjonalisme, isolasjonisme og bidrar til motstand av globalt samarbeid og handel. I retorikken har kritikerne også blitt slått i hartkorn med autoritære og antidemokratiske krefter. Her har samfunnsfagene både i skoler, på høyere utdanningsinstitusjoner og i nettverket vårt et ansvar for en debattstil som fremmer kritisk tenkning og innsikt. Både tilhengerne og kritikerne av globaliseringens ulike ansikter må ha en plass i denne store samtalen både utenfor og innenfor fagene våre. De som i dag påpeker nasjonalstatens beskyttelse og er motstandere av globalisering skal også ha en stemme i debatten og i klasserommet, uten å bli stemplet som bidragsyttere til brune, udemokratiske holdninger. Det bør være like selvsagt som at tilhengerne hittil har sluppet og fremdeles bør få slippe å bli holdt personlig ansvarlig for sosial dumping, barnearbeid, skatteparadis, avdemokratisering, økende markedsrett og en brutalisert rovdyrkapitalisme.

Konferansens spørsmål og invitasjon bærer bud om slike muligheter. Da er det bare å melde seg på, sende inn abstrakt, og forslag til sesjoner samt rundebords-diskusjoner.

Per Overrein

Tips om stoff til eller ferdigformulerte bidrag i komande nyhendebrev/på nettsida vår, er velkomne til Per Overrein (nettsida) eller Leif Tore Trældal og Bjørn-Henrik Johannessen (nyhendebrev). Tips gjerne om stillingsutlysingar, bok- eller artikkelutgjevingar. Disputasar, konferansar eller forskingsprosjekt de gjerne vil ha fleire samarbeidspartnarar til. Synspunkt – risande eller rosande – eller framlegg til saker nettverket bør vera (meir) opptekne av, er velkomne, og nødvendig, når nettverket etterkvart skal «finna seg sjølv» og si «form».

*Dette nyhendebrevet er redigert av Bjørn-Henrik Johannessen og Leif Tore Trældal
samarbeid med Per Overrein.*

Frist for innsending av stoff til nr 2 2020 er sett til 1. september??

Nettverksnytt

Det fyrste årsmøtet for nettverket (2017) slo fast at styret skulle ha representasjon frå regionar, definert som nord, midt, aust, sør og vest. Dette er seinare formalisert i lovene for nettverket.

Nettsidene til nettverket har adressa: <http://www.samfunnsfag.net/>
Nedanfor ser du oversyn over konstitueringa/arbeidsdelinga i styret frå årsmøtet 2020.

Leder: **Per Overrein** er førstelektor ved ved Institutt for Lærarutdanning, Noregs Teknisk-Naturvitenskaplege Universitet (region midt). E-post: per.overrein@ntnu.no. Tlf: 73559849

Nestleiar og ansvar for medlemskap/organisasjon: **Kari Guttormsen Hempel** er førsteamanuensis ved Institutt for barnehagelærarutdanning, Universitetet i Stavanger (region sør). E-post: kari.hempel@uis.no. Tlf.: 51833054 (arbeid).

Ansvarleg for nyhendebevis: **Bjørn-Henrik Johannessen** er universitetslektor ved Institutt for Pedagogikk og Lærarutdanning, Universitetet i Tromsø – Noregs Arktiske Universitet (region nord). E-post: bjorn.h.johannessen@uit.no. Tlf: 77660074 (arbeid).

Ansvarleg for nyhendebevis: **Leif Tore Trædal** er førsteamanuensis ved Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag ved Høgskulen på Vestlandet (region vest). E-post: leif.traedal@hvl.no. Tlf: 53491324

Håvard Friis Nilsen er professor ved Avdeling for Lærarutdanning, Høgskolen i Østfold (region øst). E-post: havard.friis.nilsen@hiof.no. Tlf: 69608269 (arbeid)

Varamedlemmer:

Ansvarleg for nettside: **Ingunn Vines Kvamme** er universitetslektor ved Institutt for sosiologi og sosialt arbeid ved Universitetet i Agder (region sør). E-post: ingunn.kvamme@uia.no. Tlf: 38142396 (arbeid).

Ansvarleg for nettside: **Kristine Warhuus Smeby** er førsteamanuensis ved seksjon for samfunnsfag, Dronning Mauds Minne Høgskole for Barnehagelærarutdanning. E-post: Kristine.W.Smeby@dmmh.no. Tlf: 73568383 (arbeid).

Kjetil Knaus Fosshagen er førsteamanuensis ved Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag ved Høgskulen på Vestlandet (region vest). E-post: Kjetil.Knaus.Fosshagen@hvl.no. Tlf: 55585671 (arbeid).



Per Overrein



Kari Guttormsen Hempel



Bjørn-Henrik Johannessen



Leif Tore Trædal



Håvard Friis Nilsen



Ingunn Vines Kvamme



Kristine Warhuus Smeby

VEDTEKTER FOR NASJONALT NETTVERK FOR SAMFUNNSFAGA I LÆRAR, LEKTOR- OG BARNEHAGELÆRERUTDANNINGANE. VEDTEKNE PÅ ÅRSMØTET 28. NOVEMBER 2018 I DRAMMEN

Del I: Føremål

§ 1: Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i lærer-, lektor- og barnehagelærerutdanningane (i kortform berre Nettverket for samfunnsfaga i lærerutdanningane) har til føremål å fremja, god forskning, undervisning og formidling innanfor dei ulike samfunnsfaga og i samfunnsfagdidaktikk i lærerutdanningane for barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. Det er ei særoppgåve for nettverket a) å fremja utvikling av ein velfungerande, kritisk og konstruktiv fagoffentlegheit i og for desse fagområda og b) å bidra til å sikra eller utvida den plassen våre samfunns- og humaniorafag har innanfor barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, og i høgare utdanning.

§ 2: Nettverket tek til vanleg ikkje stilling til fagpolitiske kontroversar eller til bestemte perspektiv, teoriar, synsmåtar eller forskingsmetodar. Nettverket skal derimot freista å leggja til rette for å utvikla diskusjonen om slike spørsmål i fagmiljøa.

§ 3: Praktiske føremål for arbeidet i nettverket er a) å styrkja informasjonsflyten mellom fagmiljøa ved å gje ut 3-4 årlege nyhendebrev, drifta nettsider og engasjement på sosiale media b) å organisera nettverkskonferanse for forskning og formidling kvart år, med medlemmer ved ein eller fleire institusjonar som praktisk ansvarlege og ansvarlege for fagleg innhald c) å organisera årsmøte for medlemene i samband med nettverkskonferansen d) samarbeida med utdanningsstyresmakter, andre styresmakter, institusjonar, organisasjonar eller økonomiske støttespelarar i saker/om tiltak som fremjer føremåla i § 1.

Del II: Medlemsskap

§ 4: Medlemskap er ope for a) alle som arbeider med eit eller fleire samfunnsfag i lærerutdanningar for barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular b) alle som ynskjer å bidra med eller til relevant og god forskning, undervisning eller formidling innanfor samfunnsfaga eller samfunnsfagdidaktikken.

§ 5: Registrering som medlem skjer ved e-post til ansvarleg for medlemsskap i styret (sjå <http://samfunnsfag.net/kontakt.html>). Alle medlemmer står på oppdatert e-postliste, og mottek nyhendebrev og andre relevante utsendingar på denne lista.

Del III: Årsmøte og val

§ 6: Årsmøtet arrangerast som del av nettverkskonferansen. Styret har ansvaret for innhaldet på denne delen av konferansen. Årsmøtet kunngjerast samstundes med nettverkskonferansen på nettsidene og i nyhendebrev.

§ 7: Alle medlemmer har møte-, tale-, framleggs-, og røysterett på årsmøtet.

§ 8: Årsmøtet inneheld a) kort melding frå styret om arbeidet i året som gjekk b) vedtak om komande nettverkskonferanse, om andre arbeidsoppgåver og eventuelt om rekneskap/økonomi og medlemspengar c) val av styre og leiar med varamedlemmer etter framlegg frå valnemnd og val av valnemnd d) Årsmøtet skal gje medlemene høve til å kommentera og diskutera styrearbeidet og sakene som er oppe til føreaving.

§ 9: Sakliste til årsmøtet sendes til alle medlemmer i nettverket på e-post ein månad før årsmøtet.

§ 10: Årsmøtet vel ein ordstyrar, ein møteskrivar til vedtaksreferat, to til å skriva under møteboka og ein ettersynsperson som leverer tilråding om godkjenning av rekneskap og eventuelle merknader til rekneskapen. Årsmøtet kan og vedta at ein av institusjonane (etter avtale) tek på seg eventuell rekneskapsføring.

§ 11: Alle vedtak, med unntak for endring av vedtektene, gjerast med simpelt fleirtal. Vedtektsendring krev to tredels fleirtal. Årsmøtet kan likevel vedta full vedtektsrevisjon på eit årsmøte med simpelt fleirtal og vedta dei nye vedtekter med simpelt fleirtal på komande årsmøte.

§ 12: Styret skal ha fem medlemmer og fem varamedlemmer, ein medlem og ein varamedlem frå kvar region. Valnemnda skal syta for forsvarleg kjønnsbalanse. So langt det er mogeleg, bør styremedlem og varamedlem frå ein region koma frå ulike institusjonar.

§ 13: Alle styreval er for to år. Tre medlemmer er på val det eine året, to det neste året. Varafolka har same valperiode som den faste dei er vara for. Styret konstituerer seg sjølv.

§ 14: Valnemnda skal ha fem medlemmer, ein frå kvar region, og skal kunngjera tilrådinga si i siste nyhendebrev føre årsmøtet. Styret lagar framlegg til valnemnd.

Del IV: Organisasjonsregistrering og prinsipp for økonomien

§ 15: Nettverket skal vera registrert som foreining i Brønnøysundregistra og ha eigen bankkonto, der styrevedtak gjev fullmakt til å disponera denne.

§ 16: Nettverket er ei ideell foreining som ikkje genererer fortjeneste.

§ 17: Nettverket (årsmøtet) kan gjera vedtak om medlemspengeordningar og medlemspengesatsar for einskildpersonar og/eller for institusjonar gradert etter talet på tilsette.

§ 18: Styret søkjer om økonomisk støtte drifta av nettverket, herunder ogso til nettverkskonferansen (med unntak for støtte frå den eller dei lokale

§ 18: Styret søkjer om økonomisk støtte drifta av nettverket, herunder ogso til nettverkskonferansen (med unntak for støtte frå den eller dei lokale arrangørinstitusjonane). Styret sender søknad om støtte til nettverkskonferansen i samarbeid med den/dei lokale arrangørane.

Del V: Oppløysing av foreininga

§ 19: Nettverket som ei juridisk foreining kan berre bli vedtatt oppløyst på årsmøtet. Det krevst to tredels fleirtal blant dei som stemmer på årsmøtet for eit gyldig vedtak om oppløysing.

§ 20: Overskot eller inneståande middel ved opphøyr skal nyttast til konferanse som bidreg til føremåla som er gjort greie for i § 1.

Note til § 12: 1 Region nord: Samisk Høgskole, Norges arktiske universitet - Universitetet i Tromsø og Nord Universitet. Region midt: NTNU og Dronning Mauds Minne Høgskolen. Region vest: Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og NLA Høgskolen Bergen. Region sør: Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder. Region aust: Universitetet i Sørøst-Norge, Universitetet i Oslo, OsloMet - Storbyuniversitetet, MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn, Høgskolen i Østfold, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Høgskolen i Innlandet og NLA Høgskolen Oslo.»

Vedtektene ovanfor byggjer på toårige styreperiodar. For å unngå at alle styremedlemmer er på val annkvart år, fastsette årsmøtet at det skal gjennomførast val av representant pluss vara for **tre** regionar for ein toårsperiode på årsmøtet 2019. Etter trekking vart det fastsett at dette gjeld regionane vest, sør og midt. For regionane nord og aust vert det då gjennomført val av representant + vara for **eitt år** på årsmøtet 2019. Frå og med årsmøtet 2020 vil då vala for alle regionar vera inne i «toårsturnus». Det er viktig at dei valde medlemmene i valnemnda legg dette til grunn i arbeidet med å finna styrefolk og varamedlemmer for dei ulike regionane.

Årsmøte 2019

Nasjonalt nettverk i samfunnsfaga i lærer-, lektor- og barnehagelærerutdanningene, 20.november 2019

Protokoll

Sak 1/2019 Velkommen og valg av møteleder

Vedtatt: Mari Kristine Jore valgt til møteleder.

Sak 2/2019 Valg av protokollfører

Vedtatt: Espen Helgesen og Bjørn-Henrik Johannessen valgt til protokollførere.

Sak 3/2019 Valg av to personer til å underskrive protokollen

Vedtatt: Anette R. Rosenberg og Åshild Samnøy valgt til å underskrive protokollen.

Sak 4/2019 Godkjenning av innkalling

Vedtatt: Innkalling godkjennes.

Sak 5/2019 Styrets årsmelding (vedlegg 1)

Styrets årsmelding (se vedlegg 1), til orientering.

Sak 6/2019 Styrets forslag til arbeidsprogram 2019-2020 (vedlegg 2)

Styrets forslag til arbeidsprogram (se vedlegg 2), til orientering.

Sak 7/2019 Konferanse 2020

Universitetet i Agder inviterer Nettverket til konferanse 24.-26. november 2020 med tentativ tittel «Samfunnsfagdidaktikk i en globalisert verden».

Vedtatt: Universitetet i Agder vedtatt som arrangør av konferansen i 2020.

Sak 8/2019 Konferanse 2021

OsloMet – Storbymet inviterer Nettverket til konferanse i Oslo 25. og 26. november 2021 med tentativ tittel «Kritisk tenkning i samfunnsfag».

Vedtatt: OsloMet vedtatt som arrangør av konferansen i 2021.

Sak 9/2019 Post factum stiftingsvedtak for Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i lærer-, lektor- og barnehagelærerutdanningene (Vedlegg 3)

Vedtatt: Vedtas med følgende endring: Stiftingsvedtaket skal sendes til interimgruppen for godkjenning.

Sak 10/2019 Endringer av vedtekter (Vedlegg 4)

Vedtatt: Styrets forslag til endringer godkjennes.

1

Sak 11/2019 Valg av nytt styre

Valgkomiteen er valgt for to år, og består av:

- Tove Leming (region nord)
- Lise Kvanne (region midt)
- Espen Helgesen (region vest)
- Irene Trysnes (region sør)
- Ronald Nolet (region øst)

Vedtatt: Valgkomiteens forslag til nytt styre godkjennes.

Region sør: (valgt inn for to år)

1. Kari Hempel, UIS, historiedidaktikk
2. Ingunn V. Kvamme, UIA, samfunnsfagdidaktikk

Region vest: (valgt inn for to år)

1. Leif Tore Trædal, geograf, Høgskulen på Vestlandet, Campus Stord
2. Kjetil Knaus Fosshagen, sosialantropolog, Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen

Region nord: (valgt inn for ett år)

1. Bjørn-Henrik Johannessen, sosiolog
2. Ingrid M. Ktjelland, samfunnsgeograf/samfunnsplanlegger

Region øst: (valgt inn for ett år)

1. Professor Heidi Biseth (samfunnsviter/pedagog) ved USN (Universitet Sør Øst Norge)
2. Professor Håvard Frits Nilsen (historiker og samfunnsviter) stiller som vara (Høgskolen i Østfold)

Region midt: (valgt inn for to år)

1. Per Overrein, samfunnsfag, statsviter, NTNU Trondheim
2. Kristine Waarhus Smeby, sosiolog, Dronning Mauds Minne (DMMH), Trondheim

Sak 12/2019 Eventuelt

Innspill: Ønske om at valgkomiteen skal starte arbeidet tidligere og kommunisere bedre i prosessen med å finne styrekandidater.

Innspill: Søke om økonomisk støtte frå Norsk råd for lærerutdanning (NRLU) til drift av nettverkets virksomhet.

Halden, 22.11.2019


Anette R. Rosenberg


Ashild Samnøy

2

Konferanser

Nettverkskonferansen 2020 blir i Kristiansand (Universitetet i Agder), 24.-26. november 2020. «Samfunnsfagdidaktikk i en globalisert verden». Merk; i forhold til koronasituasjonen følger konferansen retningslinjene fra nasjonale myndigheter og jobber med å legge til rette for en digital løsning dersom dette skulle vise seg å være nødvendig.

Sjå nettsidene våre <http://samfunnsfag.net/konferanse.html> for oppdatering om konferansen.

Samfunnsfagnettverket har nå 257 medlemmer

Medlemmene i samfunnsfagnettverket kommer fra UH-sektoren i hele landet. I tillegg kommer en del medlemmer fra forlag, stiftelser, departement og museum.

Medlemmene fordeler seg slik:

Fra UH sektor: NTNU: 41, USN 37, HVL: 37, OsloMet: 28, UiO: 17, UiA: 13, UiT: 12, UiS: 10, UiN: 8, UiB: 7, MF: 7, HiØ: 6, HiVolda: 6, NLA: 6, Hinnlandet: 5, Dronning Mauds Minne: 3, NBMU: 1

Fra forlag, departement, museum, Raftostiftelsen og enkeltpersoner: til sammen 14.